


Vassenden skule

«Læring, meistring og trivsel for alle!»



Dagens organisering

Elevtalsutvikling og kapasitetsutnytting




	23/24	28/29	43/44	Endring
Elevtal	253	203	143	-110
Kapasitet	440			
Kapasitetsutnytting	57,5%	46%	32,5%	
Ledig kapasitet	187			
Gjennomsnittleg klassestorleik	19,5			
Gruppestørrelse 1.-4. (Norm 15)	8,5			
Gruppestørrelse 5.-7. (Norm 20)	11,8			
Gruppestørrelse 8.-10. (Norm 20)	12,2			
Barn i SFO	63 av 93 som utgjer 68%			

Vedlegg 14
Bemanning

Lærarårsverk	30
Leiingsressurs årsverk	2,4
Snittalder	40,9
Kompetansebehov - kva manglar vi?	Engelsk, tysk, spes ped, musikk, k&h, krø, programering. Migrasjonspedagogikk, morsmåslærarar (vi har 8 ulike språk i elevguppa) er veldig vanskeleg å få inn kompetanse på.

Økonomi

Rekneskap 2022	kr	28 786 490
Budsjett 2023	kr	33 283 890
Rekneskap 2023	kr	33 941 130
Budsjett 23 utan SFO	kr	31 215 051
Rekneskap 23 utan SFO	kr	31 758 005
Rekneskap 23 utan SFO pr. elev	kr	125 526



Tilbod og utvikling i skulekrinsen

Barnehagar i skulekrinsen	Vassenden barnehage (privat), Langhaugane barnehage (kommunal) og Ålhus barnehage (privat)
Tilknyting til andre tenestetilbod	Skulen har idrettshall, folkebibliotek i lokalet til barneskulen (kombinasjonsbibliotek).
Bustad og næring	Vassenden er det senteret i kommunen som har størst utfordringar med å utvikle bustadprosjekt grunna rekkefølgjekrav. Regulerte bustadområde er klare til bruk, men krav om utbetring av kryss, samt rassikring, gjer kostnadstterskelen så høg at den økonomiske vinsten fort kjem i minus. Det er vidare vanskeleg å finne alternativ, då dette kjem i konflikt med jordvern. Det er i prinsippet byggestans på Vassenden. Det er gode fortettingsmoglegheiter i sentrum, samt ved Jølstraholmen og Hjelmbrekke.

Bygningsmasse

Byggjeår	Barneskule	1967 (oppgradering i 77, 98, 04, 09 og 18)
	Ungdomsskule	1954, 1977 og 1999 (påbygg 2018)
Areal	Barneskule	3750
	Ungdomsskule	4155
Teknisk stand /oppgradering behov	Barneskule	Skulebygg i god stand. Bør byte tak.
	Ungdomsskule	God teknisk tilstand. Tak gymsal må bytast. Må ta stilling til kva som skal skje med murbygget.



Vedlegg 14
Andre forhold

Avstand Førde sentrum	20,7
Avstand til Sunde skule	14,3
Avstand til Skei skule	24,8
Forhold ved skulevegen	128 av elevane har skuleskyss, fem av dei grunna kommunalt vedtak. Skulen har etablert Hjartesone.
Særeigne forhold ved skulen	Skulen er fordelt på to bygg, som gjer det krevjande å nytte personale effektivt. Blir i det daglege drifta som to einingar med kvar sine timeplanar.

Tilbakemeldingar frå foreldre, tilsette og andre interessentar

Det pedagogiske tilbodet

Dette er vi tilfreds med

- PALS-programmet og høg lærartettleik sikrar sterke relasjonar mellom lærarar og elevar.
- Skulen nyttar lokalsamfunnet aktivt i undervisninga, og lærarkolleget er stabilt med lågt sjukefråvær.
- Godt trepartssamarbeid og utviklingsorientering.
- Elevane ved småskulen får god begynnarpoplæring med fokus på ute-skule og leik, basert på forsking.

Forbetringssområder

- Andrespråksopplæringa treng forbetring i kompetanse, materiell og organisering.
- Elevane bør få velje mellom fleire språkfag.
- Vidare utvikling av vurderingspraksisen.
- Behov for moderne digitale tavler og oppdaterte lærebøker.
- Styrke arbeidet med tverrfaglege opplegg.

Organisasjonsmessige forhold

Dette er vi tilfreds med

- Skulen har eit godt arbeidsmiljø og solid relasjonsbygging.
- Stabilitet i kollegiet gir stabile team og kontinuitet.
- Gode samarbeidsrelasjonar med lokalsamfunnet, som nyttast aktivt i undervisninga.

Forbetringssområder

- Det er ikkje lagt noko plan for uteområdet ved ungdomsskulen, og friminutta er ressurskrevjande då det er uoversiktleg og krev mange vaksne til å dekke alle område ved småskulen og ungdomsskulen.
- Delt skule i to bygg har ført til mindre fagmiljø og færre felles møtepunkt for personalet. Det er òg utfordrande å legge elevane sin timeplan.
- Store klassar gir utfordringar i tilpassing og oppfølging av elevar.

Skulen i lokalsamfunnet

Dette er vi tilfreds med

- Skulen er eit treffpunkt for kultur og idrett, og engasjerer seg i utviklingssaker.



Vedlegg 14

- Viktig kommunal teneste for flyktningfamiliar og enkel å kontakte for lokalsamfunnet.

Forbetningsområder

- Uteområdet på barneskulen er planlagt til å bli ein plass for aktivitet både i skuletida, og på fritida, og skulen vil halde fram det gode samarbeidet med lokale lag og organisasjonar.
- Elevrådet arbeider for å få på plass ein ungdomsklubb.

Andre innspel

- Strukturendringar ved skulen kan påverke lokalsamfunnet og busetnad.
- Viktig å sikre god informasjonsflyt og omtanke for skulekretsane og kvaliteten på tilbodet til ungdomsskuleelevane.
- Skulen ynskjer at 1.-10. klasse er under same tak for å styrke fagmiljøet og legge til rette for samarbeid på tvers av klassessteg.
- Kommunale planar for Vassenden som satsingsområde for busetnad må tas med i planlegginga av skulen si framtid.

Prosjektgruppa si oppsummering

No-situasjonen

Vassenden skule står overfor utfordringar og moglegheiter. Elevtalsutviklinga peiker mot ein sterk nedgang, som vil påverke skulen i stor grad.

Skulen har god utnytting av lokale ressursar og eit stabilt lærarkollegium med lågt sjukefråvær, noko som styrkar det pedagogiske tilbodet og elevane si læring og trivsel. Det er likevel rom for forbetring, spesielt innan andrespråksopplæring og integrering av moderne digitale verktøy.

Organisasjonsmessige utfordringar som følgjer av å ha skulebygningars på separate stader, påverkar både fagmiljø og logistikk. Økonomisk sett ser ein at skulen ikkje har urovekkande kostnadsnivå per elev med dagens elevtal, noko som vil endre seg. Skulen har òg behov for investeringar i fysiske rammer som uteområde og oppgradering av teknisk utstyr.

Skulen er ein sentral del av lokalsamfunnet, og vidare samarbeid og integrering med lokale organisasjonar og tenestetilbod kan styrke denne rolla.

Kva kan dette bety for skulen i framtida

Pedagogisk

- Eit fall i elevtal kan auke behovet for å tilpasse pedagogiske metodar.
- Som på dei fleste skular med 1.-4. steg kan det bli krevjande å få tak i kompetent personell på Vassenden skule, dersom rekrutteringssituasjonen i Sunnfjord kommune held fram slik utviklinga har vore. Dette har samanheng med at færre tek grunnskulelærarutdanning for 1.-7., som gjer til at det er vanskeleg å hente inn ny kompetanse på området. Dette kjem i tillegg til generell nedgang i tal studentar på lærarutdanningane.

Organisering

- Redusering av elevtal og økonomiske rammer kan nødvendiggjere ei omorganisering av klasser og undervisningstilbod.





Vedlegg 14

Lokalsamfunn (Struktur)

- Det blir naudsynt å sjå nærmere på korleis ein kan drive skulen i møte med redusert elevtal.
- Vurdere å samle heile skulen i eitt bygg dersom det er pedagogisk forsvarleg.
- Vurdere justering av kringsgrenser for å auke tilfanget av elevar.

For utfyllande detaljar sjå innspelet på ([Lenke til websak-postlista](#))